

INFO OM LEIRSKULEN VEKE 23 2016 PÅ HARDANGERTUN I KINSARVIK:

No er leirskule-veka like rundt hjørnet, og her kjem nokre nyttige opplysningar:

Avreisedag mandag 6.juni:

Me reiser med buss frå Manger kl.7.15

Elevane frå Austebygd, Hordabø og Manger skular møter i god tid før bussavgang på busshaldeplassen ved Radøy ungdomsskule. Samarbeid gjerne om kjøringa til og frå Manger. Sæbø-elevane kjem på i Austmarka.

Elevane kan ha med seg *ein liten tursekk inni bussen + 1 koffert eller ein stor bag.*

Bussen kjører over Hardangerbrua, så me slepp ferje. Reknar med å vera framme på Hardangertun leirskule ca. kl.11.00

Retur fredag 10.juni kl.11.30: Bussen tar oss til Manger, så elevane våre må hentast der. Eg ringjer foreldrekontakten når me er på Nordhordlandsbrua, så veit de nokolunde når me er på Manger. Det blir ca kl.14.30.

Lommepengar:

Etter kontakt med dei andre Radøy-skulane er det blitt bestemt at kvar elev ikkje har med seg meir lommepengar enn kr 300, medrekna bassengpengar (kr.30 pr.dag) Desse pengane får våre elevar hos FAU. Eg har dei med i kvar sin konvolutt som elevane får når me er framme på hyttene.

Hyttene:

Jentene frå Austebygd deler ei hytte, og guttane våre deler ei. Kvar hytte har to soverom, eit bad og stove med kjøkkenkrok.

Fint å få beskjed dersom det er noko me må ta spesielt omsyn til når det gjeld barnet dykker (evt. allergiar, medisin etc.)

De nær meg på mobilnr. 41324156

Eg har med meg liste over dykker telefonnr. dersom eg treng å nå dykk.

På møte mellom rektorane er det blitt bestemt at elevane IKKJE har med seg mobiltelefon.

Eg gler meg til å vera med desse kjekke elevane på leirskulen, og eg veit at me vil få ei minnerik veke (skal vera flittig med fotoapparatet) Fint om de kan gå gjennom reglane frå Hardangertun saman med ungdommen dykker og presisera at dei må respekterast. Me vil ta vare på kvarandre slik at alle får ei flott oppleving.

NB! Elevane må gjerne ha med eige fotoapparat, men sidan me veit at mange har eiga facebook-side, vil me minna om følgjande: Det er aldri lov å leggja ut bilet av andre utan å ha fått godkjenning frå dei (er dei under 18 år, må ein ha foreldra sitt løyve) Tenk og gjennom kva du legg ut om deg sjølv.

Austebygd skule 31.mai 2016

Mvh Linn Stevnebø